



Frå festivaljordet på Dønhaug. Hadde det ikkje vore for regnet, hadde det ikkje vist at fleire tusen var samla der i helga.

**Etter vellukka Festidalen-dagar med tusenvis av besøkjande, kunne ein tru at dette hadde sett sine synlege spor i bygda. Etter ein runde i bygda i dag er det lite å sjå. Det er imponerende ryddig. Festidalen imponerer i alle ledd!**

Også oppe på festivaljordet på Dønhaug er det meste rydda vekk. Dette er særdeles bra gjort særleg med tanke på regnet som gjorde arbeidet vanskelegare i går. Framleis vart det observert nokre eldsjeler i arbeid med siste finpuss. Kanskje dei treng ei hjelpande hand?

Medan bygda er rydda, lever tydeleg Festidalen 2014 vidare. Mange vi snakkar med har ikkje heilt landa endå. Opplevingane og felleskjensla har sett spor! Mange utstrålar stolhet over å vera ein del av dette. Desse finn ein ikkje berre i Uskedalen no. Festidalen er unik! Den er svært samlande for heile Kvinnherad, og vidare med! Den store innsatsen kjem frå heile området!

Både leiarane og dei frivillige må nyta dette! Vi gratulerer!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.